

Rådmannen sin rapport –

Pr. 2. kvartal 2013

Pr. 24.7.2013 (oppdaterte tal for første halvår – rekneskap pr. 24.7.2013)

[Tidlegare rapportar – Kvartalsrapport 1. kvartal 2013](#)

Generelt om kvartalsrapporten

Kvartalsrapportering – bakgrunn

Kvartalsrapport etter ny mal vart fyrste gong utarbeidd etter for 1.ste kvartal 2013. Kvartalsrapporten tek utgangspunkt i avviksrapportering. Det som ikkje blir kommentert må ein rekne med er under kontroll.

Kvartalsrapporten er utarbeidd på eit så grovt nivå som mogeleg.

Kvartalsrapportering – oppbygging

Rapporten er som nemnd over ein rein avviks-rapport, der avdelingane får høve til å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- nærvær
- økonomi
- drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei.

Kvartalsrapportering som ledd i anna rapportering

Oppbygginga av kvartalsrapporten finn ein att også i anna rapportering til kommunestyret. Det vil likevel vere ei litt anna gradering av kva som er «alvorleg» avvik i ei årsmelding enn i ein kvartalsrapport. Ei årsmelding synar historie og kan ikkje føre til endringar for perioden som det blir rapportert for. Ein kvartalsrapport vil gje signal om avvik der ein framleis kan gjere justeringar for å rette opp avvika. Dess lengre ut i året tiltak blir sett i verk, dess mindre effekt vil tiltaka ha.

Kvartalsrapporten – måloppnåing

Rådmannen ynskjer å legge til rette for at mål blir meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det er og blir viktig å kunne skilje mellom mål og verkemiddel.

Nærvær

Stort nærvær – den positive vinklinga på eit lite fråvær – er ein av dei sterkaste indikatorane på om vi kan lukkast med å nå måla våre. I einskilde avdelingar er over 80 % av utgiftene relatert til løn. Eit høgt nærvær med kompetent personale betyr i utgangspunktet at våre brukargrupper kan rekne med å få det dei tenestene dei har krav på til ein rimelegast mogeleg pris. Eit fråvær som fører til bruk av vikar, ekstrahjelp eller overtid vil føre til høgare utgifter for kommunen og kan hende eit dårlegare tilbod til brukar. Tiltak som betrar trivsel kan difor vere vel anvendte pengar, likeeins tiltak som hindrar sjukdom og reduserer belastningssjukdomar.

Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte pengane til beste for brukarane og innanfor vedtekne mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E](#).

Løn er som nemnd over den største utgiftsposten. Andre utgifter er lettare å kontrollere, men desto lågare i organisasjonen tilsette kan gjere innkjøp, desto større blir avstanden til budsjett og budsjett-disiplin, kan det virke som. Avdelingane har store fullmakter til å styre tidspunktet for eit innkjøp sjølv, noko som er viktig for å unngå detaljstyring.

Gol kommune forsøker å fakturere kvartalsvis det som Gol kommune er vert for. Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd, jamfør usikkerheita om netto-utgiftene til omsorg – funksjonshemma hausten 2012.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra. Dette er ikkje nødvendigvis det beste for å få kontroll med kostnadene.

Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osb.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for mål som er kritiske for den einskilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølvsgt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret skal få orientering om det administrasjonen og verksemdene ikkje har fått utretta, årsaka til dette (kort), eiga vurdering av kor alvorleg dette avviket er i høve til måla og om avdelinga kan ordne avviket sjølv.

Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for 6 år sidan.

Formannskapet sett hausten 2012 ein del føresetnader for økonomien fram mot 2015, m.a. med tanke på å kunne skaffe seg handlefridom til å ha ny skule klar i 2015. Inkludert i føresetnadene var også at kommunen skulle justere drifta slik at ein vart mindre avhengig av kraftinntekter og eigedomsskatten. Det verker som om det er stor semje om at desse forholda må føre til endra prioritering i drifta elles. Med endra prioritering meinast at ein del tilbod må reduserast og nokre tilbod må bli takast vekk i si heilhet.

Rådmannen har difor i sitt budsjetttrundskriv for økonomiplan 2014 – 2017 bedt avdelingane komme med konkrete tiltak som politikarane kan ta stilling til, men som verkeleg monnar når det gjeld å redusere driftsutgiftene. Om avdelingsleiarane gjer jobben sin, så vil politikarane kunne gjere reelle val – kva for tiltak vil dei redusere for å kunne nå andre mål – økonomiske og politiske.

Hovudpoenget er; Gol kommune vil ikkje kunne vere offensiv på skulesektoren utan reelle grep i form av reduserte tilbod andre stader – samfunnsdelen må truleg reviderast.

Innhald

1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret
2. Fråvær - avvik og tiltak
3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak
5. Personalforhold og HMS
6. KOSTRA-analyse – reviderte KOSTRA-tal pr. juni
7. Spesielle hendingar og informasjonar

Vedlegg:

- A. Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart

Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

1. Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Februar-møtet – 05.02.2013</u>		
1/2013	Vesterhuset barnehage – opp-pussing og utbygging	Oversendt plan- og byggenemnd, budsjettjustering blir sak i juni-møtet (formalitet)
2/2013	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Gol kommune	Nye punkt blir følgd opp av rådmannen
3/2013	Hallingdal renovasjon IKS – endring av selskapsavtalen § 17	Hemsedal kommune har berre vedteke punkt 1. Nes kommune har eit tilleggspunkt
4/2013	Forslag til endring av forskrift ang. næringsavfall	
5/2013	Aksjer i Buskerud Kollektivtrafikk AS - tilbud om kjøp	Gol kommune har motteke oppgjer
6/2013	Hallingmo kunstgrasbane - nytt kunstgras - Byggeregnskap	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
7/2013	Byggeregnskap - Ventilasjonsanlegg Øygdane barnehage	Vert også justert i årsrekneskap – mva.refusjonsreglar
8/2013	Ny Nasjonal Infokanal (NNI) i Gol - digital informasjon i det offentlege rom	Saka utsett
9/2013	Val til styret for Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
<u>April-møtet – 16.04.2013</u>		
10/2013	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2013	Faktura sendt ut
11/2013	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2013	
12/2013	Hallingmo del I - Framdriftsplan og jursammensetning arkitektkonkurranse	
<u>Mai-møtet – 7.5.2013</u>		
13/2013	Finansieringsmodell felles infrastruktur Gol sentrum - 2. versjon	
14/2013	Områdereguleringsplan Kristenbråten - 2.gangsbehandling og sluttbehandling	
15/2013	Reguleringsplanforslag for Sjauset F8 - 2.gongsbehandling	
16/2013	Høyring - revisjonsdokument for Hemsilreguleringa i Hemsedal, Gol og Ål kommunar	
17/2013	Medlemsskap i Norsk kulturarv	Utsatt til budsjett 2014
<u>Juni-møtet – 20.6.2013</u>		
18/2013	Årsmelding for 2012 - Gol Byggdrift KF	
19/2013	Årsrekneskap for 2012 - Gol Byggdrift KF	
20/2013	Årsmelding 2012 - Gol kommune	
21/2013	Årsrekneskap 2012 for Gol kommune	
22/2013	Disponering av årsresultat 2012 - Gol kommune	
23/2013	Budsjettjustering investeringsbudsjett 2013	
24/2013	Rehabilitering avløpsledning Hagaskogen - prosjektrekneskap	

Oppfølging av vedtak i Kommunestyret

25/2013	Revidering av retningslinjer for startlån	
26/2013	Brannordning - revidert branndokument for Hallingdal bran- og redningsteneste IKS	
27/2013	Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar	

Denne rapporten blir meir utfyllande etter kvart. Rådmannen ser det som naturleg at også Formannskapet og utvala sine vedtak blir med i rapporten i framtida.

2. Fråvær – avvik pr. periodetidspunkt – tiltak

- Mindre enn 4 % fråvær: Ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 4 % og 8 % fråvær: Kommentar naudsynleg
- Meir enn 8 % fråvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		4,9 % fråvær 2013 (2012: 0,5 %)
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		7,6 % fråvær 2013 (2012: 2,3 %)
28	Herad skule		4,1 % fråvær 2013 (2012: 6,0 %)
29	Gol ungdomsskule		5,3 % fråvær 2013 (2012: 7,5 %)
30	Læringscenteret Gol VU		
31	Gol barnehage		8,9 % fråvær 2013 (2012: 5,3 %)
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		12,8 % fråvær 2013 (2012: 0,3 %)
36A	Omsorg – institusjon		12,2 % fråvær 2013 (2012: 10,2 %)
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		10,3 % fråvær 2013 (2012: 7,2 %)
36C	Omsorg – funksjonshemma		11,4 % fråvær 2013 (2012: 10,6 %)
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
2410	IKT Hallingdal		5,0 % fråvær 2013 (2012: 3,9 %)
8330	Nav Hallingdal (Gol)		

Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafor lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Viktig: Reduksjon av sjukefråværet er reduserte utgifter – frå dag 1.

Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v.

Eit samleomgrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær pr. 2. kvartal 2013

Det rapporterte totale fråværet pr. 2. kvartal 2013 er 7,5 %, tilsvarande tal for same periode 2012 var 6,1 %. Korttidsfråværet pr. 2. kvartal er 2,3 %, marginalt meir enn same tid i 2012 (2,2 %)

Avvik – sjå neste side

Avvik – nærvær og tiltak

- Avd. 21 – Løns- og personalavdelinga. Fråværet gjeld lærlingar som blir følgd opp, men er ikkje dramatisk korkje i høve til rekneskap eller ressursar.
- Avd. 27 – Gol skule. Tala i tabellen er akkumulert sjukefråvær for fyrste halvår. Utviklinga frå fyrste kvartal har vore positiv. Årsaken er i hovudsak langtidssjukefråvær.
- Avd. 28 – Herad skule. Fråværet i andre kvartal var stigande, men skuldast langtidsfråvær
- Avd. 29 – Gol ungdomskule. Fråværet er stigande og skuldast i stor grad langtidsfråvær.
- Avd. 31 – Gol barnehage. Det er langtidssjukemeldte ved fire barnehagar, men ingen av desse er rapportert som arbeidsrelatert. Det er også høgt korttidsfråvær i eit par av barnehagane – desse blir fylgd opp av leiarane for barnehagane.
- Avd. 36A – Omsorg - institusjon. Fråværet er stort og knytta i det alt vesentlege til langtidsfråvær med refusjon. Fråværet er etter avdelingsleiar si vurdering og i hovudsak ikkje knytt til særskilte forhold på avdelinga. Korttidsfråværet er lågt.
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen.
Fråvær et i andre kvartal var 6,9 % som er ei betydeleg betring frå fyrste kvartal. Totalt for halvåret er fråværet 10,3 %, Det er sett i gong tiltak for å få fokus på fråværet (nærværet) der m.a. NAV og HAVA er delaktige.
- Avd. 36C – tenester til funksjonshemma
 - Konsulent for funksjonshemma (fleire tilsette) har stort fråvær, men er i klar betring. Skuldast sjukemelding under svangerskap, samt skade på jobb.
 - Tenester til funksjonshemma – 10,2 % fråvær pr. juni. Prosjekt satt i gong i lag med NAV og HAVA med føremål å få til ein betydeleg reduksjon i fråværet. Andre kvartal syner ei nærast eksepsjonell endring (6,1 % i andre kvartal mot 14,1 % i fyrste kvartal)

Rådmannen sin konklusjon

Kort-tidsfråværet var lågare i andre kvartal enn fyrste kvartal og er ikkje urovekkande. Det finst likevel ekstreme tilfelle, men det skuldast i all hovudsak små avdelingar der eit fråvær slår spesielt ut.




Bruk av program for ressursstyring er pålagt dei avdelingane som har nytte av dette og er rapportert teke i bruk, men publisering av vakter er ikkje startet. Rådmannen har gitt frist for å starte med slik publisering til 1. oktober.


























Øvrige tiltak for å følgje opp langtidsfråværet blir sett i verk frå avdelingane i h.h.t. IA-avtala.

Økonomisk status pr. 2. kvartal – avvik og tiltak

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		Skulen har laga sak om «avtale om arbeidstid for undervisningspersonalet i grunnopplæringa»
28	Herad skule		Gjestelev – refusjon, samt «avtale om arbeidstid for undervisningspersonalet i grunnopplæringa»
29	Gol ungdomsskule		Skulen har laga sak om «avtale om arbeidstid for undervisningspersonalet i grunnopplæringa»
30	Læringscenteret Gol VU		Skulen har laga sak om «avtale om arbeidstid for undervisningspersonalet i grunnopplæringa»
31	Gol barnehage		
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		Budsjett-sprekk – tiltak naudsynleg
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		Nye behov
36C	Omsorg – funksjonshemma		Nye brukarar
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal		
8330	Nav Hallingdal (Gol)		
8311	Miljøretta helsevern		
8420	Hallingdal Etablerersenter		Etterløn – må sende melding til styret
2410	IKT Hallingdal		

Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommuna, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2012. Det er ikkje gjort nokon periodisering av løn, men det er vurdert. Utfordringa er at dei avdelingane som har det største behovet for periodisering også har det mest spesielle forbruket – år for år og månad for månad.

Generelt pr. 2. kvartal 2013

Det rapporterte forbruket av løn er stort sett under kontroll, med unnatak av omsorg – institusjon. Dette heng for ein stor del saman med fråveret, som sin vil sjå er stort for omsorg – institusjon.

Avvik – løn

Avvik

- Avd. 28 – Herad skule – spesielle utfordringar, med spesiell refusjon. Sak om budsjett-endring vil komme hausten 2013.
- Avd. 36A – Omsorg institusjon – mange årsakar, bl.a. underbudsjettering av regulativbestemte tillegg (økonomisjef), men også overforbruk . Budsjettjusterings sak vil følgje.
- Avd. 36B – Omsorg heimetenestene – delvis same årsak med underbudsjettering av regulativbestemte tillegg (økonomisjef), men i hovudsak også nye brukarar, kjøp av sjukeheimplassar i andre kommunar, særstunne brukarar som krev mykje ressursar (med noko refusjon) samt yngre demente som må ha tilbod.
Tiltak: fortløpande vurdering av tenestenivå (lågaste effektive omsorgsnivå), rekruttere fleire vikarar,
- Avd. 36C – Omsorg funksjonshemma – delvis same årsak med underbudsjettering frå økonomisjef, men også nye brukarar tenester. Det vil bli søkt støtte av aktuelle statlege midlar, men det vil også bli søkt om midlar ved sak om budsjettjustering hausten 2013.
- Ansvar 43A – Kommunalteknisk avdeling – vei. Det har vore ei feil fordeling av løn mellom sjølvkost og veg i 2013 og denne blir retta for 2013 og utover. Budsjettet blir ikkje endra for 2013.
- Ansvar 8420 – Hallingdal Etablerersenter – Ikkje kritisk for Gol kommune. Gol er vertskommune og meirforbruk blir teke av fond – tilhøyrande alle Hallingdalskommunane. Uvisst kven som eigentleg er mottakar av melding og som skal handle, jfr. [eigar skapsmeldinga](#) punkt 4.6.2
- Avdelingene 27, 28, 29, 30 har sendt sak til Rådmannen om [KS-rundskriv SFS 2213](#) av 2012 om ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonale i grunnsopplæringa. Rådmannen har valt å ikkje fremme denne som sak eller ta den med i budsjett-justerings sak ettersom avdelingene har rimeleg god dekning innafor eige lønsbudsjett. Konsekvensane må takast med i Økonomiplanen for 2014 – 2017, men så langt råd byggast inn i ordinær drift.

Rådmannen sin konklusjon:

Omsorgsavdelinga følgjast særskilt månad for månad. Det såg ut som om sin frå mars fekk ynskt justering, men fyrste månad etter denne kvartalsrapporten synte eit betydeleg meirforbruk i april. Månadene etter verker å følgje eit mønster med meirforbruk på løn.

Særleg gjeld avviket institusjon, som verker utan kontroll når det gjeld overtid og ekstrahjelp. Delvis heng dette saman med fråværet, men utan eit fullgodt verktøy til å takle slike situasjonar vil ein ikkje kunne ha kontroll.

Rådmannen sette i vår i gong straks-tiltak og jobbar med å få oversikt over kor langt ein er komne i prosessen. I tillegg gav overgangen til å budsjettere konsekvent på heimlar og fast løn ein konsekvens at erfaringstal på regulativbestemte tillegg vart feilbudsjettert av økonomisjefen.

Helsehjelp i heimen har fått nye tiltak som dreg på seg betydeleg auka bruk av personell.

Begge tilfella vil bli gjort greie for i sak om budsjettjustering hausten 2013.

Elles har det vore ein sak i arbeidsretten som vil få konsekvensar for tenestepensjon for våre tilsette som har mindre stillingsprosent enn 15 timar/veka. Tidlegare var desse unnateke pensjonsordninga, mens den no skal vere med. De kan lese meir om dette [her](#).

b) Andre kostnader

- Under kontroll
- Under kontroll, men med tiltak
- Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	
28	Herad skule	Budsjettet vart saldert med negativ budsjettering på 125.000 kroner for 2013. Dette er ikkje dekkja inn ved budsjett-ending.
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	
32	Helseavdelinga	Utskriven pasient frå psykiatrien krevde straktiltak, ordførar har stilt spørsmål til Stortinget
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	
36C	Omsorg – funksjonshemma	
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
ØVRIGE:		
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal	
8330	NAV Gol/Hemsedal (Gol)	- Økonomisk sosialhjelp - meirforbruk i hovudsak på tilskot til bu-utgifter
8311	Miljøretta helsevern	
8420	Hallingdal Etablerersenter	
2410	IKT Hallingdal	
3350	Barnevernet	

Generelt:

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med hile bilete, både inntekter og utgifter. Det følgjer med eit vedlegg som gir eit oversyn på grovt nivå. Ut frå desse er alle postar under kontroll. (Det gjeld også løn inkl. fast-løn – som er den aller største posten).

Sjå elles vedlegg A

Kommentar – andre kostnader

- Avd. 32 – Helse. Gol har pr. juli ei gjennomsnittleg medfinansiering med 4,3 % under landsgjennomsnittet

Avvik – andre kostnader

- Avd. 28 – Herad skule – Hausten 2013 vart budsjettet for Herad skule saldert med eit negativt budsjett ettersom avdelinga ikkje hadde greidd å halde ramma gjeve av formannskapet. Dette er ikkje følgd opp korkje av administrasjonen eller UKL.
- Avd. 32 – Helse – måtte våren 2013 gje tilbud til pasient med spesielle behov som reknast som ferdigbehandla av det sentrale psykiske helsevesen. Dette er løyst ved å kjøpe plass. Det vil bli eigen sak om dette i samband med budsjettjusterings sak seinare i haust.
- Avd. 36 A, B og C – Omsorg – har eit overforbruk på fleire postar. Gol kommune budsjetterer netto og eit overforbruk på ein post vil kunne dekkast inn av eit tilsvarande underforbruk på ein annan post. Det ser ut til å bli eit overforbruk, men dette må avdelinga kunne løyse internt.
- Avd. 36.C – Omsorg funksjonshemma har gjeve tilbud til brukarar om aktivisering. Sak om budsjettauke kjem i løpet av hausten.
- Ansvar 8330 – NAV Gol/Hemsedal (Gol) ser ut til å få eit meirforbruk. Meirforbruket må kommenterast ettersom dette henger saman med Fylkesmannen sitt fokus som avvikar frå det som NAV Gol/Hemsedal har forsøkt å praktisere, sjå nærare under rådmannen sin konklusjon. Årsaken til merforbruk er endring i fylkesmannens praksis i klagesaker etter at det kom et nytt rundskriv i sommar. Fleire kommuner opplever lignende praksis med merforbruk på økonomisk sosialhjelp som konsekvens. Saken er tatt opp med KS.

Rådmannen sin konklusjon

Den raude markeringa gjeld helse, der Gol kommune måtte skaffe eit tilbud til ein utskrivingsklar brukar som må ha døgnkontinuerleg tiltak. Tiltaket er skaffa eksternt og Kommunestyret vil få sak om tilleggsløyving hausten 2013.

Det er også einskilde postar på omsorg som krev tiltak. Rådmannen ser det slik at avdelingane må spare der dei kan og at det ikkje utan vidare er slik at ei overskriding på ein post (art) vil føre til at budsjettet på denne posten blir auka. Gol kommune nyttar stor grad av rammebudsjettering og då er det i seg sjølv slik at overskriding på ein post må føre til mindre forbruk på ein annan post.

NAV Gol har er kommentert til å få ei overskriding i høve til budsjett. NAV Gol forsøkte å spare inn på ein del hjelp og la dette inn i budsjettet for 2014, men Fylkesmannen har overprøvd fleire av desse og gjeve søkjar medhald. Det fører til at planlagt innsparing til sosialhjelp og støtte elles ikkje let seg realisere.

c) Investeringer

Investeringsrekneskapen syner at kommunen har nytta kr. 1,7 mill. kr. av eit budsjett på 11,65 mill. kr. (revidert budsjett). Det vart gjort ei periodeavslutning for finansiering pr. juni 2013.

Det er utarbeidd eigne oversyn som vert sendt til avdelingane. Dei største avvika (mindre investering enn budsjettet) kjem frå VAR-investeringar.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. andre kvartal

d) Finansiering – bruk og avsetning til fond

Sanering av fonds vart utsett i juni møtet og det betyr at økonomisjefen berre har begynt på å lage oppstilling, oversyn og rutinar for å følgje opp dei fonda som er sett av. Det blir fremja sak om å nytte dei midlane som er meint å nyttast i haust. Dessutan vil rådmannen sanere dei andre fonda administrativt med melding til Kommunestyret.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. andre kvartal

e) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidler m.v.

Økonomisjefen er beden om å gjere eit arbeid med å analysere balansen for uteståande fordringar. Dette arbeidet vil fortsette utover hausten og målet er å få redusert uteståande beløp og i verste fall få avskrive som uerhaldeleg det som blir vanskeleg å få kravd inn.

Arbeidet bør også føre til at avdelingane blir følgd opp betre og at dei blir meir klare på kva dei skal gjere når ein kunde begynner å misleghalde sine fakturaer.

4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk	Sjå eige punkt om organisering – kommentar utan avvik
21	Løns- og personalavd.	
22	Økonomiavdelinga	
23	IKT Gol (ingen tilsette)	
24	Kommuneplanleggar	
25	Skulefagleg rådgjevar	
27	Gol skule	Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
28	Herad skule	
29	Gol ungdomsskule	
30	Læringscenteret Gol VU	
31	Gol barnehage	Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
32	Helseavdelinga	- Fysioterapi: Lang ventetid for fysioterapi – pasientar utan spesiell prioritet - Psykisk helse : Kommunen har ikkje tilbod til å ta mot brukarar som blir overført frå 2.dre line-tenesta – 2 brukarar må ha tiltak. - Gericar – legemodul ikkje teke i bruk
35	Kulturavdelinga	Sjå eige punkt – kommentar utan avvik
36A	Omsorg – institusjon	- Samansatt
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige punkt
36C	Omsorg – funksjonshemma	-
41	Utbyggingsavdelinga	- Avd. har vore nøydd til å leige inn ein del konsulentbistand – særleg vedr. Hallingmo
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	
ØVRIGE:		
8330	Nav Hallingdal (Gol)	

Kommentar – tenesteyting

- Avd. 20 – Sekretariat og avd. 35 – Kultur. Organisasjonsmessig plassering av tenestetorget blir vurdert og rådmannen tek sikte på å ha avklara dette i løpet av august/september. Ansvar for overformynderiet er overført til Fylkesmannen frå 1. juli 2013
- Avd. 20 – Sekretariat. Avdelinga forsøker å plassere ansvar innafor avdelinga ettersom avdelinga vil få ein reduksjon i ei stilling med 70 % frå hausten 2013. Dette vil kome som eige tiltak i økonomiplan 2014 – 2017, men får ingen budsjettverknad for 2013 (marginal konsekvens)
- Avd. 27. Problem med rekruttering av kvalifisert personell, men forsøker å løyse dette med etterutdanning, som igjen betyr utfordringar med vikar-bruk. Nokre administrative utfordringar mht. skuleleiing ved delt skule (Glitrehaug er ikkje naturleg del av Gol skule)
- Avd. 29 – Gol ungdomsskule har relativt mange senioravtalar (9 av 25 pedagogar har avtale) og skulen jobbar bevisst med å rekruttere yngre medarbeidarar.
- Avd. 31 – Rekruttering og tilleggutdanning har ført til at færre tilsette jobbar på dispensasjon
- Avd. 31 – Brukarundersøking gjennomført våren 2013 med særskild god attendemelding
- Avd. 35 – Kultur. Stilling som avdelingsleiar for kultur er besatt, men ved intern roking. Stillingsheimlar vil bli vurdert i samband med økonomiplan 2014 – 2017.

Avvik – Tenesteyting

- Avd. 32 – Helse
 - Fysioterapi: Minst 50% av pasientane har venta 5 veker eller meir på behandling, målet er behandling innan 3 veker.
Føreslege tiltak: Styrke fysioterapitenesta, delvis tilskot frå staten
 - Psykisk helse: Gol kommune har skaffa tilbod til ein brukar. Gol kommune må truleg bygge opp eit tilbod til ny brukar som blir overført til 1.line-tenesta frå 2.line-tenesta
Føreslege tiltak: Meir ressursar enten oppbygging av teneste lokalt eller kjøp av private aktørar. Budsjett-ending vil bli søkt i løpet av hausten.
- Avd. 36A – Omsorg institusjon
 - Akutte situasjonar krev akutte løysingar
 - Institusjonstenesta har mangel på sjukepleiarar, behovet for autorisert personell til meir spesialiserte og døgnkontinuerlege tenester er kostnadskrevjande i form av bakvaktar og overtid.
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen
 - Tidleg heimsending frå sjukehus skapar auka behov for tilbod frå heimetenestene, og brukarane er meir pleietrengande enn tidlegare. Skjæringspunkt mellom å stelle heime og kjøpe plass i andre kommunar.
 - Meir fokus på behovsvurdering og at enkeltvedtak styrar nivået på tenesten
Føreslege tiltak: Auke ressursar i perioder, evt. ekstra budsjettpost til å leige inn personell i periodar med mange utskrivingar frå sjukehus og tung pleie ved livets slutt.
 - Avdelingsleiar har bede om budsjettmidlar til innkjøp av PDA'ar for å betre rapportering og auke kvaliteten.
Rådmannen avslø søknaden i 2013 ettersom det hadde kort svarfrist, ein mangla finansiering og fordi rådmannen ynskjer å prioritere tiltak som har eit potensial for sparing av kostnader (ein må kunne sjå ei innsparing i kronar).Tiltaket vil komme med som eige tiltak i økonomiplanen.

Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avd. 36C – Omsorg funksjonshemma
 - Avdelinga har makta å tilsette i alle heimlar og også nådd måltal om tilsette med høgskuleutdanning
 - Sjukefråvær har medført prioritering av ordinære oppgåver og mindre opplæring
 - Etterspørselen etter avlastning i høve barn og unge med spesielle behov aukar Føreslege tiltak: Viktig å gi tenester i form av avlastning og/eller omsorgsløn med tanke på lågast mogeleg omsorgsnivå
 - Avvik frå Fylkesmannen er fortsatt ikkje lukka, men avdelinga er i ein dialog med Fylkesmannen om desse

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen registrerar at avdelingane har fokus på oppgåver. Avvik frå omsorg – institusjon må få ytterlegare fokus.

5. Personalforhold og HMS

- Ingen rapporterte forhold
- Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
- Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann + politisk		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skulefagleg rådgjevar		
27	Gol skule		- Skulebygg på Glitrehaug med vasslekkasje
28	Herad skule		
29	Gol ungdomsskule		
30	Læringscenteret Gol VU		
31	Gol barnehage		- Avvik vedr. Branntryggleik, miljøretta helsevern og uteområda
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Aukande pleie- og tilsynsbehov demente fører til stadig tyngre arbeidsbelastning - Avvik i form av pasient som er agressiv
36C	Omsorg – funksjonshemma		
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		- Budsjettet gjer ikkje rom for å vedlikehalde og utbetre vegnettet i samsvar med det avdelingsleiar ser som forsvarleg
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8330	Nav Hallingdal (Gol)		

Kommentar – HMS – ikkje rekna som avvik

- Avd. 27. Vasslekkasjer frå tak på skulebygget på Glitrehaug har skapt uro blant føresette og tilsette om skadar på bygg og muggsopp. Det er ikkje avdekkja slike skadar, men tiltak er sett i verk
- Avd. 29 – har fått nytt brannvarslingsanlegg i sommar.

Avvik – Personalforhold og HMS

- Avd. 31 – Avvik er meldt vidare til Gol Byggdrift KF, eigne avvik blir fylgd opp
- Avd. 36B – Omsorg helsehjelp i heimen har tilfeller med vald frå aggressiv brukar. Det er utarbeida prosedyrar til hjelp for personell som kjem i situasjonar
- Avd. 42 – Næringsavdelinga – har meldt inn temperatur på kontor vinterstid.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen registrerar at avdelingane har godt oversyn og kan løyse avvik

6. Analyse av KOSTRA-tal

KOSTRA-tallene som vart nytta m.a. i årsmelding for 2012 var basert på dei fyrste tala som vart rapportert. Normalt vert feil korrigert like etter dersom det vert oppdaga openbare feil. Det gjeld for Gol som for andre kommunar som er i referansegruppa. No vart tala ikkje oppdatert likevel slik at KOSTRA-tala er dei same i reviderte tal som idet fyrste oversynet.

Administrasjonen har bedt om attendemelding frå det politiske nivå om kva for tal som er mest interessant å få analysert, men har ikkje registrert dette i særleg grad og må difor sjå på dei mest openbare avvika, både avvik der Gol kommune kjem særskilt positivt eller negativt ut. Endringar frå år til år vil vi også forsøke å analysere.

Rådmannen har lagt opp til ei eige referansegruppe, der tal på innbyggjarar, topografi og til ein viss grad geografi har blitt vektlagt.

Dei kommunane som Gol blir samanlikna med er – etter rådmannen sitt utplukk – er:

- Birkenes i Aust-Agder
- Bø i Telemark
- Froland i Aust-Agder
- Nes i Buskerud
- Nord-Aurdal i Oppland
- Vågå i Oppland
- Våler i Hedmark
- Øyer i Oppland
- Ål i Buskerud

Diverre er ikkje alle analysar motteke endå, så det får komme som eige punkt når ei god analyse ligg føre.

I staden er det sendt ut eit eige vedlegg som forsøker å sette fokus på ein del forhold. Dette vedlegget må ikkje nyttast ukritisk.

7. Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnavn	Spesiell informasjon
20	Sekretariat, rådmann + politisk	- Informasjonsmøte helde om endra plassering av servicetorget, arbeidet startar i september - Nytt innkjøpssamarbeid om rekvisita inngått, verknad frå 1 september
21	Løns- og personalavd.	- Avdelinga nyttar 10 % stilling utover heimel til oppfølging av sjukmeldte og for å svare på spørsmål om pensjon
24	Kommuneplanleggar	- Midlar vert nytta til innleige av konsulent
27	Gol skule	- Ein del uheldige situasjonar med akutt plassering av born har skapt noko uro (taushetsplikt hindrar god informasjon)
29	Gol ungdomsskule	- Startar hausten «Skolebasert kompetanseutvikling – vurdering for læring»
31	Gol barnehage	- Berre ei klage til hovudopptak hausten 2013, klagen vart teke til følge. - Ledige plassar til nye born
32	Helseavdelinga	- Dr. Nilsen har sagt opp stilling som fastlege - Stilling som leiar av Friskliv (permisjon) har sagt opp og vikaren er tilsett fast
35	Kulturavdelinga	- Ny avdelingsleiar for kulturavdelinga er Gunnhild Gåsvik
36A	Omsorg – institusjon	- Samansatte behov og problemstillingar som blir løyst frå dag til dag
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Større behov for å kjøpe plass på institusjon frå andre kommunar enn rekna med.
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Aukande behov etter avlastning i høve til barn og unge med spesielle behov – viktig å gje avlastning og/eller omsorgsløn
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	- Ny avdelingsleiar frå 1.6.2013 er Hallgrim Berg, ledig stilling som avdelingsingeniør
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Ny avdelingsleiar frå 1.6.2013 er Hallgrim Berg, ledig stilling som avdelingsingeniør - Leiande driftsoperatør Arnfinn Listøen gjekk av med pensjon 30.4.2013
8330	Nav Hallingdal (Gol)	
2410	IKT Hallingdal	- Dagleg leiar for IKT Hallingdal – Kari Intelhus – tilsett og byrjar 1. september

Rådmannen sin konklusjon

Avdeling 36A – Omsorg – institusjon nemner veldig mange moment som må løysast. Dette blir rapportert til UKL fortløpande, men er for omfangsrikt til å ta med i ein slik rapport som dette.

Spesielle hendingar og informasjonar

VEDLEGG A

DRIFT:									
hoved:									
art Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	Oppr. B 2012	Forbruk i %	R 2011	R 2010	
10 Lønn	113 221 444	237 164 000	47,74	103 448 829	224 075 000	46,17	96 636 595	89 710 679	
12 Kjøp av varer og tenester	22 523 471	52 702 000	42,74	27 383 045	53 809 900	50,89	26 585 599	24 597 890	
13 Kjøp av tenester	34 738 081	69 321 000	50,11	35 206 617	54 055 000	65,13	33 901 300	28 804 367	
14 Tilskot og tilleggsøyvinger	12 447 130	22 877 000	54,41	10 808 018	25 111 000	43,04	9 089 500	8 486 242	
TOTALT - driftsutgifter	182 930 126	382 064 000	47,88	176 846 508	357 050 900	49,53	166 192 993	151 609 178	
16 Sals- og leigeinntekter	-28 754 049	-63 861 000	45,03	-34 215 753	-64 741 000	52,85	-29 179 523	-33 744 470	
17 Refusjonar og tilskot	-20 535 369	-66 139 000	31,05	-19 540 724	-47 036 000	41,54	-17 467 584	-32 710 122	
18 Overføringer	-141 231 464	-264 386 000	53,42	-136 166 705	-251 188 000	54,21	-128 680 448	-108 282 609	
TOTALT - driftsutgifter	-190 520 882	-394 386 000	48,31	-189 923 181	-362 965 000	52,33	-175 327 555	-174 737 201	
Netto driftsutgifter	-7 590 756		0,00	-13 076 673		0,00	-9 134 561	-23 128 023	
FINANSIERING:									
hoved:									
art Hovedart-tekst	R 2013	B 2013	Forbruk i %	R 2012	Oppr. B 2012	Forbruk i %	R 2011	R 2010	
15 Finansieringsutgifter	6 089 826	43 106 980	14,13	8 635 597	29 576 277	29,20	6 814 351	6 342 247	
18 Finansieringsinntekter	-1 982 334	-30 839 980	6,43	-2 359 010	-23 545 177	10,02	-1 874 276	-2 448 687	
Netto - finansutgifter	4 107 492			6 276 587			4 940 075	3 893 560	

Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen, dvs. alle avdelingar, alle ansvar og tenester, alle prosjekt og artar. Rådmannen har bede økonomisjefen om eit utkast til å få plassert kostnadene meir logisk, men førebels blir det presentert tilnærma likt rekneskapen med netto driftsutgifter – som er det same som brutto driftsresultat i rekneskapen. Dette gjeld heile kommunen.

Seinare vil det bli ei meir tydeleg oppdeling av det som er kommunen sine utgifter og inntekter til eigne avdelingar, kva som vi berre delvis styrar sjølv som vertskommune i samarbeid, kva som vi ikkje heilt styrar sjølv som kunde i interkommunale organiseringar. Det er ei relativt omfattande endring og relativt komplisert å få dette til å bli som ein ynskjer, særleg ettersom historikk er viktig å ta med seg.

Hovedpost	Hovedpost-tekst	Kommentar
10	Lønspostar	- Totalt for heile kommunen er forbruket i samsvar med budsjett. Det er likevel store variasjonar mellom avdelingane
12	Kjøp av varar og tenester til kommunal teneste-produksjon	- Forbruksmønster er veldig forskjellig, år for år. Dette er førebels å sjå på som naturlege variasjonar.
13	Kjøp av tenester som erstattar kommuna tenesteproduksjon	- A'konto overføring til Gol Byggdrift KF er periodisert i 2013, i 2012 var dette ikkje periodisert tilsvarende (diff. 12 mill.)
14	Tilskot og tilleggsøyvinger	- NAV Gol/Hemsedal er med i oppsettet, dvs. at prosjekt Hemsedal er inkludert i oversynet (både rekneskap og budsjett) – elles naturlege variasjonar
16	Sals- og leigeinntekter	- Ustekveikja har gjort nokre endringar i si overføring til kommunen. Det vil påvirke periodiseringa
17	Refusjonar og tilskot	- Naturlege variasjonar i refusjon og tilskot – den største refusjonen veit vi ikkje før i februar 2014 - Inkluderer refusjon for sjukefråvær og svangerskapsperm.

Spesielle hendingar og informasjonar

Hovedpost	Hovedpost-tekst	Kommentar
18	Overføringar	- I all hovudsak skatt og rammetilskot.
15	Finansieringsutgifter	<ul style="list-style-type: none">- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere- Budsjettet inkluderer renter og avdrag, renter vil kunne bli behandla noko spesielt som følgje av periodisering frå førre år- Budsjettet inkluderer avsetning til fond. Desse blir normalt avsatt ved årsavslutning, men rådmannen vurderer kvartalsmessig avsetning
19	Finansieringsinntekter	<ul style="list-style-type: none">- Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere – sjå kommentar under hovudspost 15- Budsjettet inkluderer også bruk av fond. Rådmannen vurderer å inntektsføre bruk av fond kvartalsmessig, men må fyrst få talet på avsetningar ned på eit rimeleg nivå

Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er rekna som akseptabelet – totalt sett.

Rådmannen ynskjer at kvartalsrapportane på sikt vil kunne skilje ut det som er særskilt for normal drift i Gol kommune, det som er spesielt for Gol kommune sin måte å organisere verksemda på (interkommunale tiltak) samt kommune-Noreg sin måte å behandle sjølvkost i rekneskapen og budsjett.

Gol, 23. september 2013



Hege Mørk
rådmann